



ØyNytt

Nummer 3
Juni 2019
46. årgang

Kyrkjeblad for Øygarden



Bibelgruppe på sjette året

- 10** - På ei bibelgruppe kan vi samtale saman og hjelpe kvarandre å forstå det vi les i Bibelen.



- 4 Forfølgde kristne**
- 5 Me vil stå sammen med dei forfølgde**
- 6 Konfirmantane 2019**
- 12 Kyrkjevalet 2019**

- 8 Helge Unneland vert pensjonist**

Gradvis overføring av resepsjonstenester frå kyrkjekontora i Sund og Øygarden frå 3. juni



I samband med samanslåing av kommunane Fjell, Sund og Øygarden, vert det eit fellesråd for Fjell, Sund og Øygarden. Resepsjonstenester for Fjell, Sund og Øygarden vert samla på kyrkjekontoret på Straume.

Telefon:

Frå måndag 3. juni vert telefonnummeret 55 09 74 40

Besøksadresse:

Temahuset, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

De kan gjere avtalar for besøk på kyrkjekontora i Sund og Øygarden.

Postmottak:

E-postadresse: post.oygarden@kyrkja.no

Postadresse: Postboks 144, 5331 Rong

Avsluttar tenesta som prost i Vesthordland prosti

Prost Erling Kopperud avsluttar si teneste som prost ved utgangen av oktober 2019. Det er 20 år sidan Vesthordland prosti vart oppretta og Erling Kopperud har tenestegjort som prost i heile denne perioden. ØyNytt kjem attende i eit seinare nummer med eit intervju med Erling.

Erling Kopperud vil delta på gudstenesta 30. juni kl. 11.00 i Hjelme kyrkje.



Avskjedgudsteneste for Erling Kopperud vert i Foldnes kyrkje søndag 27. oktober kl. 18.00

Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik

Kyrkjeverje/redaktør



Det er kyrkeval i år. Valdagen er mandag 9. september. Lokale for kyrkjevalet vert også denne gongen i nærleiken av lokala for kommune- og fylkestingsvalet. Informasjon om vallokale og opningstider finn du i dette bladet. Du kan også førehandsrøyste på våre kyrkjekontor i Fjell, Sund og Øygarden. Listekandidatane vert nærmere presentert i neste nummer av kyrkjebladet. Det er flott å sjå alle som stiller til val. Det er også mange frivillige medarbeidarar som tek eit tak slik at kyrkjevalet kan gjennomførast.

Eg nyttar høvet no til å takke kommunane Fjell, Sund og Øygarden for samarbeidet inn i 2019. Me har fleire store tiltak i prosess; - me byggjer ny gravplass på Landro, i Øygarden er Hjelme gamle kyrkje rehabilert og Blomvåg gravplass er heva for gravlegging i dobbel høgde. I Sund vil orgla i Kausland og Sund kyrkjer gjennomgå eit større vedlikehald. Det er store kostnader med desse tiltaka og dei skal planleggjast og gjennomførast. Dette skjer i eit nært samarbeid mellom oss og kommunane.

Arbeidet med å slå saman fellesrådsområda Fjell, Sund og Øygarden er i all hovudsak i rute. Me går no inn i ein periode med mange detaljar som må arbeidast med og ein del større oppgåver av administrativ karakter. Me kjem med ein større presentasjon av opplegget i slik det vert i det nye fellesrådsområdet. Den presentasjonen kjem i kyrkjebladet i haust.

Ha ein fin sommar.

Olav Martin Vik

Gud er ånd, og dei som tilber han, må tilbe i ånd og sanning.

Joh 4:24

Andakt

Helge Unneland

Prostiprest



²³Jesus sa: «Den som elskar meg, held fast på ordet mitt. Og den som elskar meg, skal Far min elsa, og vi skal koma og ta bustad hos han. ²⁴Den som ikke elskar meg, held ikke fast på orda mine. Og ordet de hører, er ikke fra meg, men fra Far, han som har sendt meg. ²⁵Dette har eg sagt dykk medan eg enno er hos dykk. ²⁶Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk. ²⁷Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikke fred på same måten som verda gjer det. Lat ikke hjartet dykka uroast, og ver ikke motlause! ²⁸De hørde at eg sa: Eg går bort, og eg kjem til dykk att. Elska de meg, så gledde de dykk over at eg går til Far, for Far er større enn eg. ²⁹No har eg sagt dykk dette før det hender, så de skal tru når det hender.

Joh 14, 23-29

Pinsehøgtida handlar om Den heilage Ande som leier oss til Ordet som gjev glede, håp og fred. Det finns ei tru for din tørst. Det finns nåde for din naud. Det er innhaldet i pinse-evangeliet. Kristen tru handlar ikke om å ta seg saman, men om å ta imot. Om å åpne seg. At det tomme livet kan fyllast. «Drikk dykk ikke fulle av vin, det fører til utskeiing, men bli fylte av Anden» – skriv apostelen Paulus (Ef 5,18). «Ande» heiter på latin «spiritus» og det vert som kjent assosiert med noko heilt anna på norsk. Fyll og fylde vert motpolar. «Veni spiritus Sancti» heiter det på latin. «Kom, Ande med din skaparmakt, og reis det synd har øydelagt, og fred og fryd i nåde giv kvart hjarte du har vakt til liv!»

anden har kome til oss ned - for å gje oss glede, håp og fred!



Illustrasjonsfoto: Unsplash



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Øygarden.

Det er også mange abonnementar utanfor kommunen.

Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut i 2019:

30. august,
4. oktober og
6. desember.
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.

ØyNytt

– kyrkjeblad for Øygarden

Telefon: 55 09 74 40

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Postadresse: ØyNytt, postboks 144, 5331 Rong

Utgjevar: Øygarden sokneråd

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

Redaksjonen: Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Olav Martin Vik og Kari Sandøy Rong

Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Bodoni AS

Distribusjon: Hammer Transport (i Øygarden) og Posten (utanfor Øygarden)

Kontingent: Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:
3628.07.02557 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Telefon: 55 09 74 40

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Øygarden kyrklege fellesråd

Besøksadresse: Fjell kyrkjekontor, Temahuset, Tytebærrekko 2

Postadresse: Postboks 144, 5331 Rong

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:
www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: kyrkjaioygarden

Instagram: kyrkjaioygarden

Soknepresten i Øygarden:

Espen Sigve Tveten

E-post: et838@kyrkja.no

Telefon: 56 38 22 40

Leiar i soknerådet og kyrklege fellesråd:

Erling Vik

Telefon: 482 10 462

Org. nr. Øygarden kyrklege fellesråd: 976 995 430

Bankkonto for gåver:
3628.55.90870

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps

Forfølgde kristne

Undergrunnens bibelskule

- Vi som trur på Gud og Jesus som frelsar, får høyra at vi svik landsbyen vår, seier ein pastorstudent i Laos. Inne i eit skogholst utanfor ein by sentralt i Laos lyder det «Halleluja» frå ei forsamling av 20 bibelskulestudentar. Frimodig deler dei tru og livshistorier.

Det er høgtid. Dei 20 blir innvigde til teneste i huskyrkjer i fattige landsbyar. Dei er ferdige med det første av i alt fire steg i deltidsutdanninga som om fem–seks år gjer nokre av desse til pastorar. Huskyrkjene deira høyrer til eit veksande uregistrert kyrkjесamfunn som Stefanusalliansen støttar.

“Vi vert truga med å bli kasta ut av landsbyen dersom vi held fast på trua vår.”

–«Ank» i Laos



Frå fattige landsbyar kjem kvinner og menn frå tre ulike minoritetar for å gå på bibelskule.

«Den indiske elefanten» - lynsjar muslimar, angrip kristne

I India, verdas største demokrati, blir trusfridommen utsett for sterkare og sterkare press. Muslimar vert lynsja fordi dei ser annleis på kyr enn hinduar.

At utviklinga over tid har gått i gal retning, kan evangeliske kristne i mange indiske delstatar skriva under på. Det har vore vekst i hatefulle verbale og fysiske angrep på kristne i fleire delstatar sidan 2014. Den evangeliske alliansen i India har lenge åtvara mot at den kristne minoriteten kan mista tiltrua til at regjeringa vil verna dei.

I august og september i fjor vart fleire kristne pastorar arresterte i delstaten Uttar Pradesh, somme midt under gudstenester eller bønemøte, medan mobben angrep andre, fortel USCIRF-rapporten.



Dei skal bli leiarar av huskyrkjer blant tre ulike minoritetar i Laos.
Foto: Johannes Morken, Laos (Stefanusalliansen)

Får UD-penger for å fremme kvinner trusfridom

Stefanusalliansen har mottatt ekstra prosjektpengar frå Utenriksdepartementet for å bekjempe religionsforfølging av kvinner.

Mange kvinner vert nekta utdanning og jobb og når ikkje fram i rettsapparatet ganske enkelt på grunn av sitt kjønn, si tru eller begge delar.

Håpet er at idémyldring skal bidra til at styresmakter i ulike land i fremtida sørger for å betre kvinnernas kår på desse felta.

Dette skal ein mellom anna nå ved at Stefanusalliansen gjennomfører ein serie eksperkonferansar i samarbeid med dansk institutt for menneskerettigheter og utenriksdepartemente i Noreg og Danmark. Den første vert halden som ein workshop på Voksenåsen i Oslo.

Kjelde: Stefanusalliansen

Me vil stå sammen med dei forfølgde



Mama Maggie gjev barn verdighet. Her er ho i Helwan-slummen i Kairo. Foto: Bjørn A. Wegge (Stefanusalliansen)

Første påskedag kunne me samlast til høgtidsgudsteneste i fred og ro, med vakker musikk og den gode påskebodskapen. Same dagen gjekk sjølvmordsbombarar til åtak på tre kyrkjer og tre hotell på Sri Lanka.

Meir enn 250 vert drepne og omkring 450 skada. Det som er den store kristne jubeldagen, vart ein dag med brå død og stor liding for så alt for mange.

Stadig meir forfølging

Dessverre er ikkje hendinga på Sri Lanka eit eingongshøve. Fleire påskedagar dei siste åra har ekstremistar slått til mot kristne. Kristne lid og historiane er mange frå ulike stadar i verda. Kina driv ein streng sensur av kristne, Boko Haram angrip stadig dei kristne i Nigeria, i Nord-Korea vert dei sett i fangeleiarar og når dei dør vert dei gravlagde med hovudet ned, som ei hånd mot himmelhåpet. Det er nedslåande at pilane går i gal retning, og aldri har det vore meir forfølging av kristne enn no.

Stefanusalliansen

Soknerådet i Øygarden har bestemt seg for å markere sin solidaritet til kristne brør og søstre som lid. Me har teikna ein treårsavtale med Stefanusalliansen. Stefanusalliansen er ein misjons- og menneskerettsorganisasjon med særleg

fokus på trusfridom. Under mottoet «Saman for de forfølgde» arbeider Stefanusalliansen for å formidle støtte, omsorg og praktisk hjelp til menneske og kyrkjer verda over som vert forfølgde eller undertrykka på grunn av si kristne tru.

Dei kristne i søppelbyen i Egypt

Heilt konkret vil me i Øygarden be og samle inn pengar til kristne som lid i Egypt. I utkanten av Kairo ligg «søppelbyen» – eit område styresmaktene helst ikkje vedkjenner seg. Her er det omkring 200 000 menneske som både bur i søppel og lever av søppel. Halvparten av desse er barn. Det er dei kristne som er «forvist» hit. Her er det eit stor humanitært og kristent arbeid som vert leia av Mama Maggie. Ho har ved fleire høve vore nominert til Nobels fredspris. Ho og medarbeidarane veit at dess tidlegare barna kjem seg ut av slummen, dess betre liv kan dei få.

Konfirmantane i Øygarden har vorte innlemma i dette arbeidet. To år på rad har dei vandra frå dør til dør i Øygarden og

samla inn pengar. Dei har vorte gripne av situasjonen i søppelbyen i Kairo og dei har delteke i innsamlinga med stort initiativ.

Jesus og dei forfølgde

Løfta til dei forfølgde er store frå Jesu munn: «Sæle dei som blir forfølgde for rettferd skuld, himmelriket er deira» (Matt 5,10). Ved å stå saman med dei forfølgde tek me Bibelen på alvor om å stå opp for dei som lid. Paulus seier: «Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han. Om ein lem lid, så lid alle dei andre med.» (1 Kor 12.) Me er i samband med dei som lid. Dei treng å kjenne vår støtte og vår forbøn.

Me innbiller oss at forfølging tilhørar ei fjern og blodig fortid me har lagt bak oss. Slik er det ikkje. Men likevel veks kyrkja i verda.

For meir informasjon om den forfølgde kyrkja; bruk heimesidene til Stefanusalliansen, www.stefanus.no eller Åpne Dører, www.openddoors.no.

Espen Sigve Tveten

Sokneprest i Øygarden



Gratulasjon til konfirmantane 2019



Blomvåg kyrkje laurdag 4. mai kl. 10.30

Bak frå venstre: Mathilde Karin Dale, Henrik Andreas Halvorsen, Julian Duqaj Sandbakk, Espen Tveten, Hogne Berland, Ole Martin Dåvøy Skår, Robin Dale Toft.

Midten frå venstre: Lydia Sandøy Rong, Benjamin Oen Rossnes, Mattias Augestad, Stian Vik, Alekzander Rørvik, Lill Grete Stranda.

Framme frå venstre: Anna Christina Knudsen, Annabel Njøten Blom, Selihom Amanuel Tesfay, Thea Sofie Misje Torsvik, Thea Isabel Thorsen.



Blomvåg kyrkje laurdag 4. mai kl. 13.00

Bak frå venstre: Mathilde Karin Dale, Maxmilliam Andre Harkestad, Magnus Sjo, Espen Tveten, Hogne Berland, Lill Grete Stranda.

Midten frå venstre: Lydia Sandøy Rong, Sebastian Rong Vetås, Joachim Børmo Myren, Sondre Martinussen, Asle Blom Watnedal, Gerard Villacarillo, Martin Flåten.

Framme frå venstre: Mia Iselilja Vik Paulsen, Augusta Aurora Harkestad, Nathalie Tennfjord Eriksen, Andrea Sulen, Lea Heggøy, Linnea Fjeldstad Oen.

Me gratulerer konfirmantane våre og takkar for ei flott tid saman med dei! Helsing kyrkjestaben i Øygarden.

Foto: Torgeir S. Johannesen

Blomvåg kyrkje søndag 5. mai kl. 11.00

Bak frå venstre: Lydia Sandøy Rong, Christoffer Berthelsen, Espen Tveten, Hogne Berland, Simon Romarheim Vik.

Midten frå venstre: Lydia Sandøy Rong, Jim Roger Lape Hellesund, Leif Inge Hjeltnes Hellesund, Sondre Ottesen Stølsnes, Kevin Ekse, Lill Grete Stranda.

Framme frå venstre: Stine Marie Eide Rong, Emma Synnøve Haugland, Ida Marlen Rong, Anne Sofie Eide Rong, Trine Rong.



Hjelme kyrkje søndag 12. mai kl. 12.00

Bak frå venstre: Lydia Sandøy Rong, Mathilde Karin Dale, Hogne Berland, Espen Tveten, Lill Grete Stranda.

Midten frå venstre: Ruben Lønvik Snaprud, Eirik Fjeldstad Eikanger, Sebastian Hansen, René Hellesund Rossnes, Elias Svellingen.

Framme frå venstre: Frida Storedale Knappen, Vegard Fjeldstad Eriksen, Emma Drange Semshaug, Silje Breivik.



Helge Unneland vert pensjonist

Prostiprest Helge Unneland sluttar i tenesta og vert pensjonist. ØyNytt har i høve dette, gjort eit intervju med Helge. Sjølv om han no sluttar i aktiv teneste, gjeld ordinasjonen og identiteten som prest vidare.

Tekst: Olav Martin Vik

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Kvífor valde du å verte prest?

Var det ei kall frå Gud?

Å studere teologi, med tanke på å presteteneste, var både eit ytre og eit indre kall. Det var stor prestemangel i Den norske kyrkja på den tida då eg var ferdig på gymnaset i 1970. Det kan likne litt på situasjonen i dag! Eg var med i eit stort ungdomsmiljø, knytt til kyrkjelyden Slettebakken i Bergen. Vi hadde ein ung prest – Njål Klevberg, som utfordra fleire til å overta «stafettpinnen» for dei som då slutta i si teneste. Denne tida var byen prega av «Jesusvekkelsen» og mange unge fann sin plass i det kristne fellesskapet. Korskirken kunne vere stappfull på «gospelnights». Vi kjende oss utfordra til å vere frimodige kristne i kvarldagen og vinne nye menneske for Kristus.

Vart prestetenesta slik du hadde sett den for deg? Ville du gjort det om att?

Eg var heldig som hadde gode førebilete for prestetenesta og levde nær den lokale

presten og tenesta hans i heile gymnastida. Eg visste kva eg gjekk til, og vart glad i gudstenesta med den faste liturgien, forkynning og sakrament. For meg vart ungdomstida ein kombinasjon av det meir frie og spontane i ungdomsarbeidet og – samstundes det å kople seg på dei lange, slitesterke tradisjonane med salmesong og liturgi i gudstenesta. Eg var kyrkjetenar i Fagerborg kirke under heile studietida i Oslo. Det vart som ein lang praksisperiode ved sida av studier på Menighetsfakultetet. Her møtte eg også organistar som stod sentralt i den kyrkjemosikalske fornyinga som opna opp for gudstenesteglede. Eg vart ein del av Bøne- og arbeidsfellesskapen Kyrkleleg Fornying som har vore til stor inspirasjon for mi teneste. Eg ville vald same teneste om eg var ung i dag, og har sjølv utfordra unge til å gjere dette valet. Vi vil ikkje berre «overleve», men «overlevere» den bodskapen som er overlevert «ein gong for alle».



Korleis har det vore å arbeide som prest i så mange år som du har gjort?

1. juli i år er det 40 år sidan eg vart ordinert til presteteneste i Domkirken i Bergen. På den tida var Thor With biskop. Det har skjedd mykje i Den norske kyrkja på desse førti åra. Eg gav mitt løfte med håndslag til biskopen den gongen – og står for det eg lova den gong. Samstundes har mykje i kyrkja endra seg. Som «statskyrkje» var det politiske presset og styringsviljen stor. Presset på dei som held fast på tidslause sanningar har vore stort, og store delar av presteskapet er meir og mindre marginalisert. Ein er tolta, men det er ingen veg til leiande posisjonar for «gamaltruande». I mitt sjølvbilete er eg ikkje mellom dei som er «hindra». Eg har vore som ein «landsens sokneprest», – og i møte med folk i sorg og krise, på livets glade merkedagar, blant unge konfirmantar – er ikkje det første folk spør om – «kva du er imot». Eg har stort sett opplevd positive



tilbakemeldingar på mi teneste, og det gjev ny energi. Samstundes må ein vere open for konstruktiv kritikk. Men kyrkja sin basis står fast. Det er Bibel og vedkjenning. Det er ikkje folket si kyrkje – det er Jesu Kristi kyrkje! Å vere folkekirkje er ein intensjon, ikkje en definisjon. Vi er der som kyrkje for folket – med evangeliet.

Kva vil du sakne når du no vert pensjonist?

Eg vert pensjonist, men eg har truleg ikkje halde mi siste messe. Ordinasjonen og identiteten som prest gjeld framleis og eg kjem til å vere «ledig på torget» der ein treng vikartenester. Eg kjem uansett til framleis å vere i ei kyrkje på sundagane og oppleve gudstenesta frå kyrkjebenken. (Og kan hende oppleve saknet av å vere liturg?) Det har også vore eit privilegium å få arbeide med bibellesing som førebuing til forkynning av evangeliet. Eg vonar eg framleis vil søkje denne kjelda, om eg ikkje er «på jobb» (eit uttrykk som eg

ikkje likar om prestetenesta). Den danske diktarpresten Kai Munk sa: «Du skal gå til kyrkje for Guds skyld, for kyrkjelyden si skuld og for di eiga skuld». (Og då er ikkje presten nemd!)

Er det lov å spørje om du har planar for pensjonisttida?

Eg må nok skaffe meg ein hobby! Eg går ut frå at det vert meir tid til barneborna – sju i talet, og meir tid til mange uleste bøker. Så er eg utfordra til å vere frivillig i Bergen kristne bokhandel (BKB) ein dag i veka. Vi har leilegheit i Bergen og eit hus på Lista (der eg gjorde teneste i tilsaman femten år) og vil nok forlenge «sesongen» der sør og stelle potetåkeren og grønnsakshagen. (Og kanskje begynne med bikuber?)

HELGE SI TENESTETID

- Vart ordinert til feltprestteneste i Luftforsvaret 01.07.1979
- Var leirstadstyrar på Åpta misjonssenter (NMS) 1981
- Res.kap i Odda - busett i Tyssedal 1982–87
- Industriarbeidar Lista aluminiumverk 1987 (+ vikarprest)
- Sokneprest Lista/Farsund 1989–1998
- Feltprest/major i SFOR – Bosnia 1997
- Forstander Sta.Sunniva studenthjem 1998–2009
- Sokneprest i Sund 2010–2012
- Prostiprest i Vesthordland 2013–

**Velkommen til avskjeds-gudsteneste for Helge Unneland
16. juni kl. 11.00 i Hjelme kyrkje!
Det blir kyrkjekaffi etter gudstenesta.**

Helge Unneland har lagt ned mykje arbeid i vårt prosti. Han har utøvd si teneste med flid og pågangsmot. I alt Hege gjer, skin det igjennom at han ønskjer å bringe evangeliet nær til dei han møter. Han har hatt med seg stor respekt og audmjukheit for Gud og menneske i tenesta si. Me takkar han og ynskjer han Guds signing for den vidare tenesta i Guds rike.

Esben Tveten
Fungerande prost

Bibelgruppe på sjette året

- På ei bibelgruppe kan vi samtale saman og hjelpe kvarandre å forstå det vi les i Bibelen.

Tekst og foto: Hogne Berland



Annakvar tysdag i seks år har ein gjeng unge voksne samlast i heimane til kvarandre for å ha bibelgruppe. Torgeir Sandøy Johannesen var ein av dei som var med å starte gruppa. «For sju år sidan var vi ein gjeng som starta KRIK 18+. Etter eit år tenkte vi at det hadde vore kjekt å samlast kvar veke. Vi hadde også snakka om at vi ville lære meir om Bibelen.» Resultatet vart altså ei bibelgruppe som i dag har 12 medlemmar.

Og korleis ser ein vanleg kveld på bibelgruppe ut? «Vi startar vel alltid med

å vente litt på dei som kjem for seint», seier Julie Rong og ler. «Så et vi og pratar litt. I starten hadde vi varmmat kvar gong, men det vart litt stress, så vi gjekk over til litt enkel snacks.» I sjølve bibeldelen fortel ho at dei har brukt mange ulike opplegg. Felles er at dei les litt frå Bibelen, samtaler og snakkar om spørsmål som hører til opplegget. Kvelden vart alltid avslutta med bønn.

Men kva er eigentleg bra med å ha bibelgruppe? Kan ein ikkje berre gå på gudsteneste om ein vil vera med i

eit kristent fellesskap? «Det greie med bibelgruppe er at vi kan samtale om ulike tema, få sjanse til å stille spørsmål og høre kva andre tenker», meiner Simon Dåvøy. Torgeir er einig. «Her kan vi stole på kvarandre og vera opne. Det er lettare å stille spørsmål i ei slik gruppe.» Alle seier også at bibelgruppa er ei hjelptil å opne og lese i Bibelen. «Men det er viktig å ha faste samlingar, prioritere dei og ha eit opplegg», understreker Steinar Konrad Blom.

Dette skjer



Frå venstre: Simon Dåvøy, Julie Agathe Rong, Elise Irene Karlsen, Steinar Konrad Blom, Rebekka Louise S. Johannessen og Torgeir S. Johannessen

Dei understrekar at bønnedelen på slutten også er viktig. Rebekka Sandøy Johannessen synes det er fint å vite at nokon ber for ein. «Her får vi anledning til å dele korleis det går. Vi kan også dele ting vi kan takke for og utfordringar vi ønsker andre skal vera med og be for.»

Elise Karlsen og Simon Dåvøy starta i gruppa for cirka eit halvt år sidan. Dei er begge enige om at det er viktig å ha eit kristent fellesskap. Dei trur også at ei bibelgruppe kan vera ein god arena for å bli kjent med andre kristne og å få utforske kristen tru. «Om nokon andre ønsker å starta ei bibelgruppa eller vera med i ei, så ta gjerne kontakt med nokon som går i bibelgruppa vår eller kyrkjekontoret!»

Hogne har ordet

Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog



Planeter, stjerner og universet er veldig spennande og interessant synes eg. Eg prøver alltid å følge godt med når NASA for eksempel sender ein ny romsonde til Mars. Sjølv om sonden går enormt raskt, tar det eit halvt år å reise til det som er ein av våre nærmeste naboplanetar. Avstandane er enorme. Skulle vi reist til nærmeste stjerne, ville det tatt over 50 000 år. I vår galakse er det cirka 100 milliarder stjerner. I universet er det minst 100 milliarder galaksar. Det er umogleg å forestille seg, men vi skjønar at universet er ubegripeleg stort.

Vi les i starten av Bibelen at Gud er skaparen av heile universet. Når vi tenker på det og tenker på kor stort universet er, er det lett å føle seg liten. Vi skjønar at Gud er mektig. Då vert det fascinerande at av alt Gud har skapt, er det berre oss menneske som er skapt i hans bilde. Og les vi vidare i Bibelen, så ser vi noko endå meir fascinerende. Gud er interessert i å ha eit forhold til oss menneske, han er glad i oss og han ønsker å dø for oss. Gud, som har skapt heile universet, er interessert i deg og meg. Det er verdt å tenka litt på.

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

21. september	1. klasse leirdag
22. september	2. klasse leirdag
1.-3. november	3. klasseleir
6.-8. desember	4. klasseleir

REFUEL

23. august
6. september
20. september
4. oktober
18. oktober
1. november
15. november
29. november
13. desember

Stad: Rong senter

Tid: 19.30–22.30

KRIK

30. august
13. september
27. september
11. oktober
25. oktober
8. november
22. november
6. desember
13. desember

Stad: Hjeltefjorden arena

Tid: 19.30–21.30

SOMMARLEIRAR SÆTERVIKA

14.-16. juni – Maksleir (3.-5. klasse)
21.-23. juni – 2Be (8. klasse og oppover)
28.-30. juni – Tweensleir (5.-7. klasse)
5.-7. august – Maksleir (3.-5. klasse)
8.-11. august – Tweensleir (5.-7. klasse)

SOMMARLEIRAR RAKNESTUNET

15.-16. juni – Minileir (1.-2. klasse)
21.-24. juni – Tenleir (8.-10. klasse)
25.-28. juni – Sommerferieleir (4.-6. klasse)
29. juni-2. juli – Betweenleir (6.-8. klasse)
4.-6. juli – Dyreleir (3.-4. klasse)
7.-10. juli – Dyreleir (4.-6. klasse)
1.-3. august – Yngstesleir (3.-4. klasse)
4.-7. august – Ball- og aktivitetsleir (5.-7. klasse)
8.-11. august – Ungdomsleir (10. klasse og oppover)

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.

Kyrkjekontoret i Øygardet

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.

Ta kontakt om du vil delta frivillig.

Kyrkjevalet 2019

Førehandsrøysting i Øygarden (Hjelme og Blomvåg sokn)

Kyrkjekontoret i Øygarden

Rong senter, 2. etg.
5337 Rong
tysdag, onsdag og torsdag mellom
kl. 10.00 og kl. 14.00 i perioden
13.08.–05.09.2019
(veke 33, 34, 35 og 36).

Hjelme kyrkje

Etter gudstenesta søndag 25. august kl.
11.00 fram til kl. 13.15

Blomvåg kyrkje

Etter gudstenesta søndag 1. september
kl. 11.00 fram til kl. 13.15

Det vert gitt ein nærmare presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet i neste nummer av ØyNytt. Informasjon om val til bispedømmerådet kjem også i neste nummer, som kjem ut rett før kyrkjevalet.

Informasjon om kven som har røysterett ved kyrkjevalet, manntal m.m. finn ein på denne nettsida: www.kyrkjevalet.no

Informasjon om kyrkjevalet, lokalt i Øygarden, finn ein også på denne nettsida:
www.kyrkja.no/oygarden

Valdagen er mandag
9. september 2019.
Vallokala er opne
mellan kl. 09.00 og
kl. 21.00.

Krins:

Toftøy
Rong
Blomvåg
Alvheim/Hatten/
Bakken

Stad:

Toftøy skule
Hjeltefjorden Arena
Blomvåg skule
Tjeldstø skule

Nominasjons- komiteen sitt listeforslag til kyrkjevalet i 2019

Kandidatane i prioritert rekkefølge:

Hjelme og Blomvåg sokn

- Erling Vik, f. 1956
- Aina Elisabeth Hellesund, f. 1988
- Gisle Kårbo Rong, f. 1976
- Gustav-Magne Landro, f. 1968
- Therese Dale Gerhardsen, f. 1991
- Øyvind Solsvik, f. 1975
- Elise Irene Karlsen, f. 1994
- Tormod Magnesen, f. 1988
- Astrid Johanna Nautnes Rustad, f. 1959
- Kjersti Larsine Waage Kårbo, f. 1959
- Øystein Vik, f. 1982
- Monica Breivik, f. 1977
- Liv Carina Tveit Blom, f. 1990
- Trygve Johannes Hellesøy, f. 1938



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierrett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: bernhard.hauge@agbergen.no

Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

-din el-kontakt

VESTGAR V ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: post@vestgarelektr.no

www.vestgarelektr.no



Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand-fred kl.07.00–23:00
Lørdagar 08:00–21:00



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD



TORSVIK MUR
Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com



NORGESHUS NORGESHUS
TH Bhas Bygg Øygarden
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålneset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Montér®

Øygarden Byggsenter AS

Pålneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
lør 09.00-14.00

**Ønsker du
sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler
eller solseng med høy kvalitet.
Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B·P·S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail:
post@oygarden-elektriske.no

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø



Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker

Trelastlager Tjeldstø



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



SPAR



- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20



Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Torsvik
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

GRAVMINNEN

Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



BLOM

SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted



Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Oygarden

TLF 56 32 08 90 hele degnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA

Blomsterbua

Rong sentrum

Telefon: 56 38 92 65

Postboks 102, 5331 Rong

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgn telefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no



AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen

Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2. etg på Shellstasjonen
Sæter, 5353 Straume

Tlf: 55 21 44 50



Til lukke

70 år

- | | |
|----------|---|
| 27. juni | Håkon Kjell Dåvøy,
Jensvardvegen 35 |
| 2. juli | Jostein Reidar Austegard,
Blomøyvegen 351 |
| 15. juli | Torill Sture Handeland
Fjeldstad, Grønhaugvegen 89 |
| 19. juli | Oddmund Kåre Haugetun,
Raudhammaren 13 |
| 2. aug | Aslaug Johanne Johannessen,
Rotevågsvegen 31 |
| 13. aug | Edel Ruth Grundvåg,
Arsetlia 19 |
| 15. aug | Sigrun Rikke Eriksen,
Solvang 6 |

75 år

- | | |
|----------|---|
| 27. juni | Gurid Nakken,
Alvheimsvegen 23 |
| 31. juli | Hjørdis Alette Stenhjem,
Pålsneset 21 |
| 1. aug | Nils Magne Levinsen,
Hjelmevegen 5 |
| 7. aug | Hermann Robin Nilsen,
Solvang 18 |
| 20. aug | Håvard Ove Sæle,
Dalevegen 17 |
| 21. aug | Håkon Åge Østgulen,
Grønhaugvegen 62 |
| 21. aug | Margun Margrete
Svellingen, Sandrásvegen 3 |
| 24. aug | Per Tore Vik,
Vikabrekka 55 |
| 26. aug | Turid Jakobsen,
Knappebrekka 9 |
| 30. aug | Liv Karin Hatten,
Bulegsvegen 1 |

80 år

- | | |
|----------|--|
| 13. juni | Martha Orlaug Hernar,
Arsettunet 10 |
| 17. juni | Harald Bjørsvik,
Gjetlingavegen 3 |
| 13. juli | Margit Marie Karlsen,
Strandavegen 24 |
| 3. aug | Jan Henrik Nansve,
Toftøyvegen 609 |
| 11. aug | Gerd Helene Turøy,
Arsettunet 2 |
| 26. aug | Olaug Skjold,
Skigardshøyen 8 |

85 år

- | | |
|----------|---|
| 14. juni | Margit Kuven,
Sundevika 26 |
| 20. juni | Klara Nelly Gundersen,
Nygardsvegen 14 |
| 28. juni | Johannes Hellesøy,
Hellesøyvegen 63 |

- | | |
|----------|---|
| 11. juli | Ingolf Asbjørn Torsvik,
Torsvikvegen 113 |
| 27. juli | Edel Astrid Olsen,
Hanelen 47 |
| 11. aug | Kåre Alf Blom,
Blomåsen 21 |

90 år

- | | |
|----------|----------------------------------|
| 17. juli | Kristi Rong,
Navrestøvegen 35 |
|----------|----------------------------------|

95 år

- | | |
|----------|---|
| 5. juli | Eldbjørg Møllerup,
Raudnova 20 |
| 23. juli | Ingrid Aslaug Herdlevær,
Herdleværsvegen 133 |

Døpte

Blomvåg

- Mia Iselilia Vik Paulsen, Veslevarden
- Samuel Oen, Rossnesvegen
- Olivia Andrea Sørhaug Kaland, Klovhøyen (Kinsarvik kirke)
- Tuva Sæle Hagen, Storhøyen
- Jonas Herdlevær Gylder, Bergen
- Johan Magnesen Mæhle, Nesevegen

Hjelme

- Julian Otterlei Nordøy, Knappestigen

Vigde

Hjelme kyrkje

- Lene Charlotte Natås Steffensen og Andreas Tjong Kallekleiv

Døde

Blomvåg

- Magnhild Dale, Dalevegen, f. 1925
- Hans Martin Adsen, Tjødnarvegen f. 1953

Hjelme

- Roald Eugen Strømsnes, Svintræ f. 1929
- Ragna Hellesøy, Methøyen f. 1941
- Gudbjørg Sanden, Loddefjord f. 1936
- Aletta Solveig Fjeldstad, Grønhaugvegen f. 1921

Gudstenester /



Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

9. juni – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Normisjon. Dåp. Nattverd.

10. juni – Pardalsmyra kl. 11.00

Friuftsgudsteneste ved Espen Tveten. 6-åringar frå Skapelsesvandringa får bok.

16. juni – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Helge Unneland. Offer til kyrkelydsarbeidet. Nattverd. God kyrkjekaffi med **markering for Helge Unneland som sluttar av som prostiprest**. Søndagsskule for barna.

23. juni – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Svenn Martinsen. Jubileum for 50-årskonfirmantar. Offer til kyrkelydsarbeidet. Dåp. Nattverd. Søndagsskule for barna.

30. juni – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Helge Unneland og Erling Koppenrud. Offer til Den norske Israelsmisjon. Nattverd. Søndagsskule for barna.

7. juli – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Helge Unneland. Offer til Sygna vgs. Dåp. Nattverd

14. juli – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Helge Unneland. Offer til Tro og Medier. Nattverd.

21. og 28. juli

Ferie – messefall

4. august – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Kjetil Kringlebotn. Offer til NLA-høgskulen. Nattverd.

11. august – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til KRIK. Nattverd.

18. august – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Strømmestiftelsen. Nattverd.

25. august – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Presentasjon av årets konfirmanter

1. september – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Presentasjon av årets konfirmanter.

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:
kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Øygarden:
Hammer transport, tlf. 92063006


Distribusjon utanfor Øygarden: Posten Norge

Returadresse:
ØyNytt
Postboks 144
5331 Rønning



Torbjørn Fjøren vert pensjonist

Seksjonsleiar/soknediakon Torbjørn Fjøren vert pensjonist. I 28 år har han arbeida som diakon i Fjell. Han vart vigsla til teneste i Fjell kyrkje 18. august i 1991. Torbjørn går av med pensjon 31. juli. Torbjørn har vist Guds kjærleik i praktisk handling gjennom sitt arbeid som m.a. har vore besøksteneste, sjælesorgsamtalar, sorgarbeid og kriser av ulik art.



Me ønskjer Torbjørn lukke til som pensjonist.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

Øygardssong 2019

Set av 20.–22. september
Hjeltefjorden Arena
Kristen musikkfestival
Set av dagane

Minnehuset



Foto: Ottar Vik

29. mai blei det ei verdig minnemarkering for helikopterulukka ved Turøy 2016. Pårørande hadde møtt fram saman med mykje bygdefolk og representantar frå naudetatar og div. hjelpefolk. Ved minnesteinen, utforma av kunstnar Arne Mæland, deltok ordførarane i Sund, Fjell og Øygarden saman med sokneprestane i Sund og Øygarden. Saman med vakker song og musikk vart dei 13 namna på dei omkomne lesne, og ei rose vart festa på kvar enkelt namneplate. Minnene lever vidare også gjennom Mæland sitt kunstverk: «The house of memories» der gullvindauge lyser i mørket.

Resepsjonstenester

Overføring av resepsjonstenester frå kyrkjekontora i Sund og Øygarden. I samband med samanslåing av kommunane og kyrklege fellesråd vert administrative funksjonar lagt til kyrkjekontoret på Straume. Dette fører til at frå 3. juni vert felles sentralbord og felles ekspedisjon lagt til Temahuset på Straume. Ein kan gjere avtale om besøk ved kyrkjekontoret både i Sund og Øygarden. Kontaktinformasjonen på side 3 er oppdatert med telefonnummer og besøksadresse.

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

Vipps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippesnummere

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummara som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

[Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

 KIRKENES
SOS

Å snakke med folk om livet gir meinig.

